Valle kommune
Gjestfri for nye tankar
Valle kulturskule

Plass i Valle kulturskule skuleåret 2017-2018

Vi tilbyr undervising på følgjande instrument:

- Piano
- Song
- Fiolin
- Gitar - klassisk og elektrisk
- Bassgitar
- Ukulele
- Trommer for nybyrjarar
- Djembe

Med atterhald lyser vi også ut:

- El.gitar for vidarekomne
- Trommer for vidarekomne
- Band - for vidarekomne på gitar, bass, piano, slagverk, song
- Hardingfele
- Kveding
- Munnharpe
- Leikarring

Elektronisk søknad på www.valle.kommune.no.

Kva for tilbod som vil bli gitt avheng av etterspurnad, tilgjengelege lærarressursar og mogelege stillingssamansettingar.

Vi tek atterhald om endringar i tilbodet, og oppmodar derfor alle søkjarar om å fylle ut 2.val i søknadsskjemaet.

Dei som vil søkje på band må leggje dette inn som 2.val, og krysse av for at dei ønskjer undervising i begge faga.

Søknadsfrist: 18. mai

Dersom du har spørsmål kan du kontakte leiar kultur og fritid, Torunn Charlotte Nyberg, på torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no, tlf. 379 37 556 / 970 61 587.

LITT MEIR OM VALLE KULTURSKULE

Mål

1. **Elevane skal oppleve meistring, utvikling og å bli sett, i møte med den enkelte lærar, medelevar og gjennom dei arrangement og tiltak kulturskulen står for**
2. **Opplæringa skal vere best mogeleg tilpassa den enkelte, samtidig som vi skal leggje vekt på samspel, gruppedynamikk og fellesskap**
3. **Alle som søkjer skal få plass**
4. **Kulturskulen skal vere eit lokalt kompetanse- og ressurssenter**

Kulturskulen er eit viktig tenestetilbod for unge innbyggjarar i Valle kommune. Lærarane sitt fokus er opplæring tilpassa den enkelte elev, speleglede og trivsel. Vi legg stor vekt på samspel. Alle våre lærarar har høg kompetanse innafor det dei underviser i.

Litt om organisering:
Kulturskulen samarbeider ofte med t.d. ungdomsklubben om kurs og aktivitetar.
Vi har eit fast samarbeid med Bykle om UKM - Ung Kultur Møtast, som vi arrangerer kvart år.
Vi tek inn vaksne elevar dersom vi har ledige plassar.

- Undervisingsstader: Spelestoga og Hylestad skule
- To elevar kan få undervising samtidig, dersom vi meiner at dette vil vere eit godt tilbod for elevane det gjeld. Særleg ein del nybyrjaropplæring vil kunne bli gitt i par eller grupper.
- Noko tid blir sett av til samspel og prosjekt.
- Det er pliktig oppmøte. Fråvær skal varslast. Kontinuitet er nødvendig for å få god kontakt mellom elev og lærar, og god fagleg utvikling.
- Kulturskulen er ein arbeidsplass, og lærarane førebur kvar einaste time, kvar veke, gjennom heile skuleåret. Ugrunna fråvær som ikkje er varsla kan føre til at eleven mistar plassen.
- Plassen gjeld for eitt skuleår.
- Det er 50 % søskenrabatt. Dette gjeld ikkje for gruppetilbod.
- Kulturskulen er eit **opplæringstilbod**, først og fremst retta mot barn og ungdom. Kulturskulen er også ein **ressurs** og eit **kompetansesenter** i lokalsamfunnet. Vi arrangerer eigne konsertar, UKM, opptrer på bygdeheimen eit par gongar i løpet av året, og tek i tillegg andre typar oppdrag.

Velkomen til Valle kulturskule!